

Kommunale retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i perioden 2024 - 2028

1 Innleiing

Stad kommune sin alkoholpolitikk i løyveperioden 2024-2028, skal bygge på alkohollova sitt føremål om å avgrense skadar forårsaka av alkoholbruk og redusere forbruket av alkohol. Innbyggjarane sitt behov for tryggleik og trivsel skal ivaretakast.

Stad kommune er i utgangspunktet positive til søknadar om sals- og skjenkeløyve som fyller dei formelle krava i alkohollova og alkoholforskrifta, og som er i tråd med dei kommunale retningslinjene for sals- og skjenkeløyve.

2 Løyveperioden

Tildelt løyve skal gjelde fram til 30. september året etter at nytt kommunestyre er konstituert. Dette for å sikre at løyver vert tildelt i tråd med det nye kommunestyret sin alkoholpolitikk, jf. rusmiddelpolitisk handlingsplan og Stad kommune si lokale forskrift om sals- og skjenketider for alkoholhaldig drikk og om opningstider for serveringsstadar.

I samsvar med alkohollova § 1-6 tredje ledd, vert eksisterande faste salsløyve i Stad kommune vidareført i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad – gjeldande til 30. september 2028. Dette gjeld også for utsalet til vinmonopolet.

Alle faste skjenkeløyve tildelt i 2023-2024 vert vidareført i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad – gjeldande til 30. september 2028. Alle andre skjenkeløyve skal fornyast med krav om ny søknad og sakshandsaming i tråd med denne retningslinje. Nye løyver som vert omsøkt i kommunestyreperioden vert gjort gjeldande i inntil 4 år og med opphør seinast 30. september 2028.

3 Meld frå om endringar

Alle endringar av betyding for løyvet skal meldast til Stad kommune. Nokon endringar vil innebere behov for nytt løyve. Meld difor frå om endringar som til dømes eigartilhøve, styrar og avløysar, utviding av areal og driftskonsept, med meir.

4 Vurdering av søknadar

Alkohollova, alkoholforskrifta og dei kommunale retningslinjene for sals- og skjenkeløyve vert lagt til grunn ved kommunen si vurdering av om skjenkeløyve skal tildelast.

Før søknaden vert avgjort skal det innhentast uttale frå sosialtenesta og politiet, jf. alkohollova § 1-7. Det kan også innhentast uttale frå skatte- og avgiftsmyndighetene, jf. alkohollova § 1-7.

Ved søknad som omfattar utandørs skjenking skal det hentast inn uttale frå kommunal vegmynde før avgjersle.

Ved vurdering av søknadar skal det leggast vekt på uttalene dersom det kan visast til særlege grunnar til at skjenkeløyvet vil vere problematisk.

5 Føresetnadar – salsløyve

Ein føresetnad for å få tildelt salsløyve er at utsalsstaden kan defineraast som daglegvareforretning, feitevareforretning eller spesialforretning som til dømes ølutsal eller kvalitetsmatforretning. Det er omsetninga av vareslaga som er avgjeraande for om utsalsstaden vert rekna som ein daglegvareforretning eller ein kiosk. Vareutvalet i hyllene er ikkje tilstrekkeleg for å kunne bli rekna som daglegvareforretning.

Det er ein føresetnad for å få salsløyve at utsalsstaden har godkjenning frå mattilsynet.

Søknad

Ved søknad om sals- og skjenkeløyve skal Stad kommune sine elektroniske standardskjema nyttast. Skjema er tilgjengeleg på Stad kommune si heimeside. Følgjande dokument skal følgje søknaden om salsløyve:

- firmaattest for alle selskap som er involvert i drifta. Last ned firmaattesten frå altinn.no
- skatteattest . Last ned på altinn.no
- planteikning over utsalsstaden som viser plassering av alkoholen (ølrom)
- dokumentasjon på styrar og varastyrar sin tilknyting til utsalsstaden
- stadfesting på at styrar og varastyrar har bestått kunnskapsprøva i alkohollova
- Anna dokumentasjon kan bli aktuelt

6 Føresetnadar – skjenkeløyve

Ein føresetnad for å få tildelt skjenkeløyve er at skjenkestaden kan defineraast som ein serveringsstad med matservering, skjenkestad med lita eller ingen matservering, hotell og selskapslokale. Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til verksemder som har andre formål enn servering og skjenking, som til dømes butikk, kiosk, bensinstasjon, gatekjøkken eller kafeteria i opne butikklokale (må ha eigen inngang).

Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til verksemder dersom det ligg føre forhold/sider ved konseptet/verksemda som tilseier at skjenkeløyve ikkje bør gjevast.

Det vert ikkje tildelt skjenkeløyve til verksemder lokaliserte på stadar der det ut frå allmenne omsyn ikkje bør vere slike tilbod. Det vert som regel ikkje gjeve skjenkeløyve i utprega bustadområde.

Det vert ikkje gjeve ordinære skjenkeløyve knytt til skular, idrettshall, kulturhus eller andre lokale der hovudformålet er idrett eller undervisningsverksemrd. Det kan gjerast unntak for løyve ved spesielle høve.

Det vert ikkje tildelt skjenkeløyve til verksemder med speleautomatar eller andre typar pengespel.

Utandørsskjenking kan godkjennast dersom arealet er klart avgrensa mot areal som ikkje er skjenkeareal og ligg naturleg tilknytt til skjenkeareal innandørs.

Søknad

Ved søknad om sals- og skjenkeløyve skal Stad kommune sine elektroniske standardskjema nyttast. Skjema er tilgjengeleg på Stad kommune si heimeside. Følgjande dokument skal følgje søknaden om skjenkeløyve:

- Tilkomst dokumenter (til dømes eigedomsskøyte, leigekontrakt og eventuelt grunneigar sitt samtykke til ute-servering)
- Firmaattestar for alle selskap som er involvert i drifta
- Utskrift av Føretaksregisteret si rolleoversikt for fysiske personar som eig meir enn éin 3-del av føretaket
- Skatteattest for driftsselskapet
- Planteikningar, inkludert mål, for skjenkestaden og eventuell ute-servering.
- Dokumentasjon som stadfestar at styrar og vara styrar har greidd kunnskapsprøve om alkohollova
- Dagleg leiar for serveringsstaden må dokumentere bestått etableraprøve.
- Konseptutgreiing: Opplysningar om kva slag skjenkestaden det er, målgruppe, opningstider, eventuell underhaldning eller anna verksemd i tilknyting til skjenkestaden
- Ved eigarskifte må det sendast inn kjøpekontrakt eller annan dokumentasjon på overdraginga, som viser når avtale om verksemどoverdraginga vart inngått og når overdraginga trer i kraft.
- Anna dokumentasjon kan bli aktuelt

Søknad om utvida skjenketid ved enkelthøve må sendast inn i god tid før arrangementet finn stad. Kommunen reknar ei sakshandsamingstid på fire veker.

7 Eigne vilkår ved tildeling av skjenkeløyve

Skjenkeløyvet gjeld for det driftskonseptet som er oppgitt i søknaden og som er godkjent, og berre for definert areal som er godkjent.

Det skal for skjenkeløyve setjast krav om at skjenkestaden skal ha gratis og lett tilgjengeleg vatn i lokalet.

Ved utandørsskjenking er det ikkje tillate med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/høgtalarar på uteservering etter kl. 22.00, likevel slik at lav bakgrunnsmusikk kan tillatast dersom den ikkje er til sjenanse for omgjevnadane. Musikk eller underhaldning må ikkje vere slik at det er til vesentleg sjenanse eller ulempe for dei som bur eller oppheld seg ved området der uteserveringa skjer.

Etter etablering av uteserveringa skal det vere farbart for gåande og syklande og gode trafikale forhold.

8 Ambulerande skjenkeløyve

Stad kommune skal ha ti ambulerande skjenkeløyve i tråd med alkohollova § 4-5.

Ambulerande skjenkeløyve til slutta lag og ved einskild høve kan omfatte alkoholhaldig drikk i gruppe 1-3.

Det kan ta opptil fire veker før du får svar på søknaden. Søk difor i god tid før arrangementet finn stad.

9 Sals- og skjenketider

Salstider

Tidsrom for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk	
Kvardagar	Kl. 10.00-20.00
Dagar før søndagar og heilagdagar*	Kl. 10.00-18.00
Påskeaftan, pinseaftan, julaftan og nyttårsaftan	Kl. 10.00-16.00
Søndagar, heilagdagar, 1.mai og 17.mai	Sal og utlevering er ikkje tillate

* - unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag.
- 1. og 17. mai er her ikkje å rekne som heilagdagar.

Skjenketider fast løyve

Tidsrom for skjenking av alkoholhaldig drikk		
	Alkoholgruppe 1 og 2	Alkoholgruppe 3
Alle dagar	Kl. 08.00-02.00	Kl. 13.00-02.00

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal seinast vere avslutta $\frac{1}{2}$ time etter skjenketids slutt for dei respektive alkoholgrupper. Dette gjeld både uteservering og inneservering.

Skjenketider ved enkelt arrangement og lukka selskap

Skjenketider for alkoholhaldig drikk ved enkelt arrangement og lukka selskap		
	Alkoholgruppe 1 og 2	Alkoholgruppe 3
Alle dagar	Kl. 08.00-02.00	Kl. 13.00-02.00

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal seinast vere avslutta $\frac{1}{2}$ time etter skjenketids slutt for dei respektive alkoholgrupper. Dette gjeld både uteservering og inneservering.

10 Gjennomføring av kontroll

Tilsyn vert gjennomført i samsvar med reglane gjevne i alkohollova og alkoholforskrifta. Sals- og skjenkekontroll vert utført av konsulentar.

11 Gebyr

Gebyr for sals- og skjenkeløyve er regulert i alkohollova § 7-1 og vert kravd inn etter satsane i alkoholforskrifta kapittel 6, samt vedtekne gebyr- og betalingssatsar i Stad kommune.

12 Sanksjonar

Inndraging av sals- og skjenkeløyve skjer i tråd med alkoholforskrifta kapittel 10.